

Retningslinjer for å ta omsyn til personvernet ved utfylling av dialogbaserte elektroniske skjema med innlogging via ID-porten (nynorsk).

Elektronisk lagring av personopplysningar kjem inn under Lov om behandling av personopplysningar (personopplysningslova). Nedanfor vil vi gjere greie for kva dette inneber, og korleis vi tek omsyn til personvernet. Det er eit viktig mål for oss å respektere og sikre personvernet ditt når du nyttar dei elektroniske løysingane våre.

Ingen opplysningar kan registrerast i eit skjema før du på førehand har gitt samtykke til det. Dette samtykket gir du uttrykkjeleg ved å krysse av for at du er kjend med dei retningslinjene vi har for personvernomsyn, og at du samtykkjer i behandlingsmåten for opplysningane allereie i innleiinga (på første side) i alle skjemaane våre. Svare du gir, blir behandla som fortrulege.

Ingen av dataa blir overførte til Forsvaret før du klikkar på «Send inn»-knappen på siste side i skjemaet. Du samtykkjer med dette i at alle opplysningane blir sende til More Software Solutions, som overfører dataa til Forsvaret og slettar innsende skjema på sin eigen server. Forsvaret nyttar dei innsamla dataa på same måten som om du hadde sendt inn eit skjema på papir. Dersom du ikkje vel å fullføre eit ikkje sendt skjema innan 72 timar, blir alle data sletta hos More Software Solutions.

Alle data blir overførte i kryptert form mellom din eigen datamaskin, More Software Solutions og serverane til Forsvaret. Tryggleiksnivået er det same som i dei fleste nettbankar (128-bitars SSL-kryptering).

Du har etter førespurnad rett til å sjå opplysningane vi har registrert om deg. Dersom opplysningane er unøyaktige, ufullstendige eller irrelevante, har du rett til å be om at dei blir endra eller sletta. I slike tilfelle skal vi gjere alt vi kan, innanfor rimelege grenser, for å korrigere opplysningane så raskt som råd.

Sjefen for Forsvarets personell- og vernepliktssenter er på vegner av Forsvaret behandlingsansvarleg for personopplysningane som blir registrerte i verneplikts- og tenesteregisteret i Forsvaret. For å behandle personopplysningane dine har Forsvaret inngått ein databehandlingsavtale med More Software Solutions. Det er eit selskap som leverer løysingar for elektroniske skjema og for gjennomføring av elektroniske spørjeundersøkingar. Forsvaret nyttar systemet til dette selskapet i skjemaløysingane sine på Internett. Systemet blir drifta på eigne datamaskinar for Forsvaret av More Software Solutions.

For at respondentane skal ønskje å bruke løysingane deira, er verksemda til More Software Solutions avhengig av god tryggleik. Det inneber at dei må vere nøye med å følgje gjeldande lover og reglar, dei etiske retningslinjene for bransjen og på alle måtar drive verksemda slik at befolkninga har tillit til at det blir teke omsyn til personvernet.

Når du vel å nytte elektroniske skjema frå Forsvaret, vil vi gjere alt vi kan for å gi deg korrekt informasjon med omsyn til typen av skjema og måten resultatet blir behandla på. Vi forstår at enkelte kan vere skeptiske til korleis ein tek omsyn til personvernet, og vi respekterer at det kan vere spørsmål du ikkje ønskjer å svare på.

Er du usikker på noko eller har spørsmål om denne personvernerklæringa, ta kontakt med Forsvaret på telefon 03003 eller send brev til:

Forsvarets personell- og vernepliktssenter
Postboks 800, postmottak
2617 Lillehammer

Du kan òg ta kontakt på e-post: vpv.kontakt@mil.no. Ønskjer du meir informasjon om More Software Solutions, finn du det på www.more.no.

Personvernerklæring etablert mai 2010.